Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
18.04.2024	2024/5813
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møteprotokoll villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell 17. april 2024

Det var kalla inn til vårmøte/kvotemøte i Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell villreinnemnd. Møtedag var onsdag 17. april 2024, kl. 10.00 – 14.00, inkludert lunsj på Fretheim hotell i Flåm.

Frammøtte:
Per-Are Halstensgård (Ulvik), Trygve Skjerdal (Aurland), Ane Guro Moen-Aamot (Hemsedal), Geir Helge Østerbø (Høyanger), Linda Neset (Modalen), Morten Farestveit (Vaksdal), Turid Haga Vange (Vik), Morten Samskott (Voss), Sigmund Tveitehagen (Ål), Olav Ødegård, varamedlem (Lærdal).
Forfall: Ragnhild Nestegard Tormodsgard (Hol).

Frå villreinutvala møtte Harald Skjerdal (sekretær) og Sigurd Vikesland (leiar), begge frå Nordfjella villreinutval.

Sakliste

01/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
02/24 Val av møteleiar
03/24 Økonomirapport 2023 og budsjett 2024
04/24 Orienteringssaker
05/24 Møteplan 2024/25
06/24 Forslag til fellingskvote for Raudafjell villreinområde
07/24 Forslag til fellingskvote for Fjellheimen villreinområde
08/24 Forslag til fellingskvote for Nordfjella villreinområde
09/24 Stortingsmelding om villrein - orientering
10/24 Eventuelt

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen 114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no

Sakliste

01/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
Ikkje alle saksutgreiingane ligg føre ved utsendinga, men blir ettersendt. Gjeld m.a. kvoteforslaga frå dei tre villreinområda.

Framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste blir godkjent.

Samrøystes vedteke.

02/24 Val av møteleiar
Nemnda kjem med framlegg på møteleiar.

Leiar Trygve Skjerdal vald til møteleiar.

03/24 Økonomirapport og budsjett
Oversikten over forbruk for 2023 er henta frå økonomisystemet til Statsforvaltaren.

#	Upost	Konto	Konto (T)	Gjeldende budsjett (1)	Forbruk (1)	Rest (1)
1	50	5000	Fast ansatte	263 254	276 559	-13 305
2	52	5250	Gruppelivsforsikring	0	664	-664
3	52	5290	Motkonto for gruppe 52	0	-664	664
4	53	5300	Styrer, råd og utvalg	60 000	101 084	-41 084
5	53	5330	Honorarer	29 373	6 769	22 604
6	54	5400	Arbeidsgiveravgift	30 443	44 019	-13 575
7	54	5420	Pensjonspremie til SPK	23 948	24 038	-90
8	59	5920	Gruppelivsforsikring (motkonto 1985)	0	664	-664
— Σ1	**5**			**407 017**	**453 131**	**-46 113**
10	63	6301	Administrativ kostnadsdekning	92 983	92 983	0
11	67	6780	Kjøp av andre fremmede tjenester	85 000	64 830	20 170
12	68	6830	Annonser	5 000	0	5 000
13	68	6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	0	6 000	-6 000
14	68	6860	Møter eksterne	15 000	0	15 000
— Σ1	**6**			**197 983**	**163 813**	**34 170**
16	71	7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	0	13 636	-13 636
17	71	7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	35 000	17 907	17 093
18	71	7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	0	478	-478
19	74	7400	Medlemskontingent	10 000	0	10 000
20	74	7410	Gaver (eksterne forelesere og lignende)	0	410	-410
— Σ1	**7**			**45 000**	**32 431**	**12 569**
Σ				**650 000**	**649 374**	**626**

Post	Budsjett 2024
Møtekostnadar, inkl. møtegodtgjersle	250 000
Reisekostnadar	68 000
Tidsskrift, porto o.l.	10 000
Medlemskontingent Villreinrådet	2 000
Kjøp av tenester	20000
Totalt	350 000

Framlegg til vedtak:
Økonomirapport og budsjett blir godkjent.

Samrøystes godkjent.

04/24 Orienteringssaker
Gjennomgang av saker som nemnda har behandla så langt i 2024.

-Ein større sak lagt fram og diskutert, revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget. Nemnda ønskjer og tilsendt dei mindre sakene.

-Leiar refererte frå møtet som Knut Arne Gurigard, koordinator reetablering villrein i Nordfjella sone 1, deltok på i departementa 12. april. Det er framleis ikkje teke avgjerd for oppstart av reetableringa. Frå vår side (Gurigard og ordførar i Hemsedal og i Ulvik) vart det sterkt poengtert at tolmodet er slutt og at vi ønskjer fortgang i reetableringsprosessen. Møtereferat er **vedlagt**.

-Sekretær orienterte om aktuell sak på høyring i Vik kommune. Gjeld fortetting i eksisterande hyttefelt (Nordre Skjelingen). Nemnda meiner villreininteressene må vege tungt og det må sjåast i ljos av den dårlege utviklinga av bestanden i Fjellheimen, ikkje jakt på 4 år, og kvalitetsnorm arbeidet som nyleg klassifiserte tilstanden i Fjellheimen som dårleg (raud tilstand). I sum tilseier dette at villreinen og villreinens leveområde må prioriterast.

05/24 Møteplan 2024/25

Haustmøte 2024 blir måndag 21. oktober i Vik.

Vårmøte 2025 blir 23-24. april i Hemsedal.

06/24 Forslag til fellingskvote for Raudafjell villreinområde.
Sekretær har ikkje motteke forslag om fellingskvote frå Raudafjell per 11. april. Blir ettersendt.
Nytt: Koteforslag 6 bukk 2 ½ år +.

Framlegg til vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 6 dyr til Raudafjell villreinområde for jaktåret 2024. Kvoten blir tildelt som 6 bukkeløyve 2 ½ år og eldre.

Vedtak:
Samrøystes vedteke.

07/24 Forslag til fellingskvote for Fjellheimen villreinområde.
Sekretær har ikkje motteke forslag om fellingskvote frå Fjellheimen per 11. april. Blir ettersendt.
Nytt: Kvoteforslag, ikkje kvote i 2024.

Framlegg til vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda at det ikkje blir tildelt fellingsløyve i Fjellheimen villreinområde for 2024.

Vedtak:
Samrøystes vedteke.

08/24 Forslag til fellingskvote for Nordfjella villreinområde.
Sekretær har ikkje motteke forslag om fellingskvote frå Nordfjella per 11. april. Blir ettersendt.
Nytt: Kvoteforslag på 80 dyr, alt som bukk 1 ½ år og eldre. Kalv av begge kjønn kan fellast i staden for bukk.

Framlegg til vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 80 dyr til Nordfjella villreinområde (sone 2) for jaktåret 2024. Kvoten blir tildelt som bukkeløyve 1 ½ år og eldre. Kalv av begge kjønn kan fellast i staden for bukk.

Vedtak:
Samrøystes vedteke.

09/24 Stortingmeldinga om villrein. Orientering/diskusjon v/ sekretær m.fl.
Sekretær gjekk kort gjennom hovudpunkta i meldinga.

Nemnda må prioritere å arbeide med tiltaksplanen for Nordfjella framover.

10/24 Eventuelt

På neste møte (Vik 21, oktober) ønskjer nemnda å ha ei gjennomgang/informasjon om dei tre villreinområda våre, status, historikk, fellingsstatistikk, kvalitetsnorm-status m.m.

11/24 Tilleggssak
Nemnda sine medlemer er representert i fleire ulike råd og utval. I førre nemndsperiode var det ønskje om representasjon ved eit kommunemedlem, med personleg vara frå dei faste medlemane, ikkje kommunevis vara. Vi vidarefører dette, med høve til å endre dette seinare i nemndsperioden om det er ønskje om det.

For inneverande nemndsperiode (2024 – 2027) er oversikten over representantane slik:

Nordfjellarådet: leiar Trygve Skjerdal, vara nestleiar Morten Samskott

Rallarvegrådet: Medlem Per-Are Halstensgård (Ulvik), vara medlem Trygve Skjerdal (Aurland)

Rådgjevande utval for Nærøyfjorden verneområdestyre: Medlem Trygve Skjerdal (Aurland), vara medlem Morten Samskott (Voss)

Rådgjevande utval for Stølsheimen verneområdestyre: Medlem Turid Haga Vange (Vik), vara medlem Linda Neset (Modalen)

Rådgjevande utval for Hallingskarvet verneområdestyre: Medlem Ragnhild Nestegard Tormodsgard (Hol), vara medlem Per-Are Halstensgård (Ulvik).

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent